

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd

2016/EØS/47/15

av 7. juli 2011

om endring av vedlegg II og III til avgjerd 2010/221/EU med omsyn til tilbakekalling av eit program for utrydding av bakteriell nyresjuka for territoriet til Storbritannia og godkjenning av eit program for overvaking av østersherpesvirus 1 µvar for Guernsey*[meld under nummeret K(2011) 4770]*

(2011/403/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 2006/88/EF av 24. oktober 2006 om helse- og hygienekrav til akvakulturdyr og produkter og om forebygging og bekjempelse av visse sykdommer hos vanddyr⁽¹⁾, særleg artikkel 43 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Etter kommisjonsavgjerd 2010/221/EU av 15. april 2010 om godkjenning av nasjonale tiltak for avgrensing av verknaden av visse sjukdommar hjå akvakulturdyr og viltlevande vassdyr i samsvar med artikkel 43 i rådsdirektiv 2006/88/EF⁽²⁾ kan visse medlemsstatar nytte restriksjonar på omsetning og import av sendingar med desse dyra for å unngå at visse sjukdommar vert innførte til territoriet deira, på det vilkåret at dei anten har prova at territoriet deira eller visse avgrensa område av territoriet deira er frie for slike sjukdommar, eller at dei har innført eit utryddings- eller overvåkingsprogram for å oppnå dette.
- 2) I vedlegg II til avgjerd 2010/221/EU er no territoriet til Storbritannia ført opp som eit område i Det sameinte kongeriket med eit godkjent program for utrydding av bakteriell nyresjuka (BKD).
- 3) Det sameinte kongeriket har meldt frå om at staten tek sikte på å kalle tilbake dette utryddingsprogrammet. Etter ei omfattande ny vurdering av dei tiltaka som

medlemsstatane har gjort for å motkjempe bakteriell nyresjuka på territoriet til Storbritannia, vart det konkludert med at det ikkje lenger er føremålstenleg å nytte restriksjonar på flytting av sendingar med visse akvakulturdyr til Det sameinte kongeriket, slik det er fastsett i det nemnde programmet. Territoriet til Storbritannia bør difor fjernast frå lista over område som har godkjende program for utrydding av bakteriell nyresjuka, slik det er fastsett i vedlegg II til avgjerd 2010/221/EU.

- 4) I vedlegg III til avgjerd 2010/221/EU erno delar av territoria til Storbritannia og Nord-Irland oppførte som område av Det sameinte kongeriket med eit godkjent program for overvaking av østersherpesvirus 1 µvar (OshV-1 µvar). Det sameinte kongeriket har no sendt over eit program for overvaking av OshV-1 µvar for Guernsey. Føremålet med overvåkingsprogrammet er å syne at dei områda av Guernsey der OshV-1 µvar ikkje er vorte påvist, er frie for dette viruset, og å hindre at viruset vert innført til desse områda. Innhaldet i dette overvåkingsprogrammet svarar til dei overvåkingsprogramma som alt er godkjende, og som er oppførte i vedlegg III til avgjerd 2010/221/EU.
- 5) I dei siste to åra har det ikkje vore påvist auka dødstal ved akvakulturanlegg og attutleggingsområde på Guernsey, der det vert drive oppdrett av stillehavsøsters. I samsvar med dei opplysningane som Det sameinte kongeriket har sendt over, har driftsansvarlege som driv oppdrett av stillehavsøsters, sidan april 2010 nytta eit frivillig forbod mot flytting av stillehavsøsters til Guernsey. Desse opplysningane tyder på at Guernsey er fri for OshV-1 µvar. Restriksjonane på flytting med sikte på vern av helsetilstanden til stillehavsøsters på dette territoriet, bør godkjennast.
- 6) Overvåkingsprogrammet for Guernsey bør difor godkjennast, og Guernsey bør førast opp i den lista som er ført opp i vedlegg III til avgjerd 2010/221/EU.
- 7) Avgjerd 2010/221/EU bør difor endrast.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 180 av 8.7.2011, s. 47, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 36/2012 av 30. mars 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantasanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 43 av 2.8.2012, s. 5.

⁽¹⁾ TEU L 328 av 24.11.2006, s. 14.

⁽²⁾ TEU L 98 av 20.4.2010, s. 7.

- 8) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Vedlegg II og III til avgjerd 2010/221/EU vert bytt ut med teksta i vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 7. juli 2011.

For Kommissjonen

John DALLI

Medlem av Kommissjonen

VEDLEGG

«VEDLEGG II

Medlemsstatar og delar av medlemsstatar som har program for utrydding av visse sjukdommar hjå akvakulturdyr, og som er godkjende for å gjere nasjonale tiltak for å motkjempe desse sjukdommane i samsvar med artikkel 43 nr. 2 i direktiv 2006/88/EF

Sjukdom	Medlemsstat	Kode	Geografisk avgrensning av området som er omfatta av godkjende nasjonale tiltak
Bakteriell nyresjuka (BKD)	Finland	FI	Fastlandssonene til territoriet
	Sverige	SE	Fastlandssonene til territoriet
Infeksiøs pankreasnekrose (IPN)	Sverige	SE	Kystområda til territoriet

VEDLEGG III

Medlemsstatar og område i medlemsstatar som har program for overvaking av østersherpesvirus 1 μvar (OsHV-1 μvar), og som er godkjende for å gjere nasjonale tiltak for å motkjempe denne sjukdommen i samsvar med artikkel 43 nr. 2 i direktiv 2006/88/EF

Sjukdom	Medlemsstat	Kode	Geografisk avgrensning av områda som er omfatta av godkjende nasjonale tiltak (medlemsstatar, soner og segment)
Østersherpesvirus 1 μvar (OsHV-1 μvar)	Irland	IE	Segment 1: Sheephaven Bay og Gweedore Bay. Segment 2: Gweebarra Bay. Segment 3: Drumcliff Bay, Killala Bay, Broadhaven Bay og Blacksod Bay. Segment 4: Ballinakill Bay og Streamstown Bay. Segment 5: Bertraghboy Bay og Galway Bay. Segment 6: Shannon Estuary og Poulnisharry Bay, Askeaton Bay og Ballylongford Bay. Segment 7: Kenmare Bay. Segment 8: Dunmanus Bay. Segment 9: Kinsale Bay og Oysterhaven Bay.
	Det sameinte kongeriket	UK	Territoriet til Storbritannia, bortsett frå Whitestable Bay, Kent. Territoriet til Nord-Irland, bortsett frå Killough Bay, Lough Foyle og Carlington Lough. Territoriet til Guernsey.»